

Bjørn Gunnar Nilssen
Nebbeveien 17
5144 FYLLINGSDALEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/626 - 21/9181

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2021

Vedr. manglande opplysningar i saka gbnr 341/15 Skarpeneset

Tiltak: tilbygg og takoppbygg med dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 341/15
Tiltakshavar: Bjørn Gunnar Nilssen
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.01.21 og e-post 09.02.21.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ba om fleire opplysningar i saka i brev av 08.02.21. Vi vil avklare noken punktatar om etterspurt dokumentasjon:

1. Tilbygg som du søker om står oppå terrasse og er eit påbygg som krev ansvarleg søkjar eller du kan søke om tiltak med ansvarsrettar og erklære ansvar som sjølvbyggjar. Då må det fyllast ny søknad med ansvarsrettar, sendast inn søknad om ansvarsrettar som sjølvbyggjar med gjennomføringsplan.
2. Vi treng opplysningar om bruksareal på hytte og bygd areal, bygd areal er avgrensa i reguleringsplanen til 90 m² og bruksareal på hytte er avgrensa til maks.120 m² i kommunedelplanen for Meland som er supplerande til reguleringsplanen.
3. Du skriv at takoppbygg er ikkje aktuell lenger i byggeprosjektet. Det er registrert.
4. Bygd areal på terrassane som har høgde på over 0,5 m over terrenget skal takast med i utrekning av BYA (bygd areal).

Vi ser at du har søkt om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjøen, men dette er ikkje naudsynt i di sak når eigedom er regulert til byggjeområde for fritidsbustad og kommunedelplanen har satt byggegrense mot sjø langs sjøen.

Eg har sendt kopi av tidlegare godkjente teikningar for terrassane med situasjonskart på e-posten til deg. Vi treng ikkje fleire snitt- eller planteikningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 11.03.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Gunnar Nilssen

Nebbeveien 17

5144 FYLLINGSDALEN